

## **Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 10.06.2025:**

### **BEHANDLING:**

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteke.

### **VEDTAK:**

*Plan- teknikk- og miljøutvalet i Kvinnherad kommune vedtek endring etter forenkla prosess av detaljreguleringsplan for 163/1, 163/4, 163/12 og 163/15 – Akvakulturanlegg Øyarhamn (PlanID 20120010) med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.*

*Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:*

**1.**

*Bru i Øyarhamnsvågen skal utbetrast før det vert gjeve igangsetjingsløyve for nybygg innanfor SF1-3.*

**2.**

*Ved søknad om nybygg innanfor SF1-3 skal det leggjast ved godkjent VA-rammeplan.*

**3.**

*Ved søknad om nybygg innanfor SF1-3 skal det leggjast ved illustrasjonar som syner fjernverknadar og tilpassing til omgjevnadne.*

**4.**

*Innmålingsdata for eksisterande og nye avløpsledningar skal dokumenterast før bruksløyve/ferdigattest for nybygg innanfor SF1-3.*

**5.**

*Krav om avfallsplan ved søknad for tiltak innanfor SF1-3. Avfall skal transporteres til godkjent deponi.*

**6.**

*Krav om massehandteringsplan ved søknad om tiltak innanfor SF1-3 og KAI. Forureina grunn skal vere dokumentert.*

**7.**

*Avbøtande tiltak mot lukt skal vurderast ved søknad om byggeløyve for nybygg innanfor SF1-3.*

**8.**

*Godkjente tekniske teikningar for utbetring av Øyarhamsvegen skal sendast inn ved søknad om nybygg innanfor SF1-3.*

**9.**

*Det er krav om utsleppsløyve. Dokumentasjon på utsleppsløyve skal dokumenterast til forureiningsmynde ved søknad om nybygg innanfor SF1-3.*

**10.**

**Alternative energikjelder skal vurderast ved søknad om nybygg innanfor SF1-3. Solceller kan tillatast.**

**11.**

**Bygningar skal ha universell utforming jf. byggteknisk forskrift.**

**Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast av den part som har rettsleg klageinteresse i saka jf. forvaltningslova (fvl) § 28, og klagefrist er 3 veker frå tidspunktet vedtaket har kommen til parten jf. fvl § 29. Vedtaket er kunngjort med brev til partane i saka.**